

Kulturdepartementet
postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Høyringsuttale frå Landslaget for lokalaviser (LLA)

til

*Tillegg til høyringsnotat om produksjonstilskudd til nyhets- og aktualitetsmedier
(en mer plattformnøytral støtte)*

Generelt

På initiativ frå Kulturdepartementet gjorde Mediestøtteutvalet i 2010 eit grundig arbeid med å gå gjennom rammevilkåra for media. Dei la fram rapporten *NOU 2010: 14 Lett å komme til orde, vanskelig å bli hørt - en moderne mediestøtte*.

Departementet har arbeidd vidare med rapporten og la i vår fram eit utkast til fornying av produksjonsstøtta med rapporten som grunnlag. Dette utkastet vart lagt ut på høyring, og LLA var mellom mange som deltok med høyringsuttale.

LLA synest det er uheldig at det i tillegget som nå er sendt ut til høyring blir tatt opp til vurdering spørsmål som ikkje har gjennomgått same grundige utgreiing som andre sider ved rammevilkåra. Mellom anna er det ikkje gjort ei skikkeleg utgreiing av konsekvensar av støtte til laussalsaviser. Dei andre spørsmåla i tillegget er derimot godt utgreia tidlegare.

Laussalsaviser

Kulturdepartementet ønskjer å få vurdert vilkåret om at minst 50 prosent av opplaget må vera seld gjennom abonnement; altså om laussalsaviser kan få produksjonstilskott.

LLA meiner at det med den kunnskap ein har i dag kan få uoversiktlege konsekvensar dersom laussalsaviser skal kunne få produksjonstilskott. Dette gjeld både konsekvensar i marknaden, konsekvensar for dei andre som er i ordninga og avgrensingar. Dette veit vi altså ikkje nok om før det er grundig vurdert.

Sett heilt på spissen: Kanskje kjem fleire aviser til å koma i vanskar og i verste fall døy om laussalsavisene kjem inn under ordninga for produksjonstilskott? Då vil ein setje heile ordninga i spel. Konsekvensane av å innføra støtte og ved ulike modellar for støtte må utgreiast før ein tar standpunkt til om laussalsaviser bør kunne søkje produksjonstilskott.

Støttetak

Ut frå at produksjonsstøtta har relativt faste rammer, må det vere fornuftig å ha ein maksimal sum for støtte, men det er vanskeleg å seie heilt bestemt kva som er rett nivå.

I dag får nokre få daglege riks- og nr2-aviser om lag 80 prosent og over 120 lokale fådagarsaviser om lag 20 prosent av samla produksjonstilskott. Sjølv om den enkelte fådagarsavis får små

summar i tilskott er dette for dei fleste svært viktig for å oppretthalde og styrke den journalistiske kvaliteten.

Med eit tak på 40 millionar kroner er det oversiktleg kva dei største mottakarane får, noko som er ein fordel. Men det er og klart at med eit såpass høgt tak vil det få store konsekvensar om det kjem til nye eller fell frå aviser som er nær taket i tilskotsbeløp.

Avkortning

I dag er det eit tak som seier maks to millionar kroner i overskot før støtte. Denne avgrensinga i fast beløp slår i praksis forskjellig ut då det er stor skilnad på avisene.

Det nye forslaget om avkortning er difor fornuftig. Det vil og styrke legitimiteten til ordninga at avisene som har vesentleg overskot i forhold til omsetnad får avkortning.

Departementet peiker på at ein øvre sum, kunne gje mindre aviser betre vilkår i høve til omsetninga. Det er i prinsippet sannsynlegvis rett, men omvendt kan ein prosentsum gje mindre aviser for dårlege vilkår. Enkelte investeringar kostar i sum det same om det er ei stor eller lita avis, og ein prosentsum kan difor gje dei minste avisene for dårlege rammer til naturlege investeringar og utvikling innanfor ein driftsmargin på 10 prosent.

Kanskje har ikkje dette så mykje å seie i praksis, men det burde vere ei nedre grense for driftsmargin i målt i kroner. Altså at små aviser må kunne ha ein større driftsmargin enn 10 prosent når driftsmarginane målt i kroner er mindre enn ein fast sum, t.d. 500.000 kroner.

Oppheving av utbytteforbødet

Med ei avkortning av produksjonstilskottet i forhold til overskot bør det og vera grunnlag for å oppheve forbødet mot utbetaling av utbytte for aviser som mottar produksjonstilskott.

LLA meiner at dette må skje innan faste rammer for at ordninga ikkje skal miste legitimitet.

Utbytteforbødet er i dag med på å forsterke ei utvikling med mindre mangfald på eigarsida.

Dersom lokale eigarar ikkje får høve til ein gong å gi utbytte til å dekkje renter på innskoten kapital, eller til å betala skatten på aksjane, er det ikkje lett å oppretthalde lokalt eigarskap, eller endå viktigare; få tilført meir lokal kapital når det trengst.

Det må vera vilkår for utbetaling av utbytte knytt opp mot krav om overskot, med fordel utrekna for to samanhengande år.

Det bør også vere ei ramme for kor stort utbyttet skal kunne vere i høve til overskotet.

Etter vårt syn er det uheldig og ulogisk om utbetaling av utbytte skal vere knytt til motteke produksjonstilskottet det aktuelle året. Prinsippa for utbytte må vera knytt til storleikar som er relevante i høve avkastning på den innskotne kapitalen. Det må fastsettast eit rentemål som følgjer pengemarknadsrenta, sidan det er den ein investor til kvar tid vil samanlikna med. Ein kan t.d. nytte renta på Norske statsobligasjonar, NIBBOR eller andre pengemarknads mål pluss eit påslag, t.d. to prosent (for risiko). Forrentinga må kunna reknast av innskoten aksjekapitals likningsverdi ved siste årsskifte.

Same reglar for utbytte bør også gjelde for konsernbidrag.

Vi vil be om at fornying med plattformnøytralt produksjonstilskott blir innført så snart som muleg og at ikkje tilleggshøyeringa seinkar dette.

Sjølv om det ikkje er ein del av høyringa vil LLA understreke at ei avklaring av momsspørsmålet er svært viktig for mediebransjen. Det hastar å få redusert moms på digital levering av samfunnsinnhald.

Til slutt vil vi nok ein gong be om at definisjonen på avisgrupper blir omformulert når det gjeld lokalavisene. Nummer ein og aleineaviser er faktisk feil for svært mange; ja dei fleste lokalavisene.

Alle lokalaviser har ei større dagsavis som meir eller mindre er konkurrent. Svært mange har lågare husstandsdekning i sitt primærområde enn dagsavisa, og det er hard konkurranse på annonsemarknaden.

Lokale fådagarsaviser (ein til fire utgåver i veka) bør difor enkelt og greitt definerast som lokalaviser med mellom 1000 og 6000 i opplag. Dette er og i tråd med forslaget frå Mediestøtteutvalet.

Oslo 9. januar 2013

Landslaget for lokalaviser

Ståle Melhus (s)
styreleiar

Rune Hetland (s)
generalsekretær